

Durspel til ære for

Han smilte nok og spilte med, han Oddemann, om han sat oppe på ei sky og følgde med på kva kompisane gjorde søndag kveld.

Line Sandvik
ls@hallingdolen.no

Publikum fekk ei oppleving dei sent vil gløyme under minnekonserten til Oddemann Haugen i Ål kulturhus. Ikkje eit andlet var utan smil då folk gjekk heim søndag kveld etter ein durspelgalla utan like. Det dei fekk sjå på scena denne kvelden er ikkje dusinvare. Mellom anna hadde Toradertrioen og Lillebror Vasaasen publikum i si hule hand store delar av kvelden.

Uslettelege spor

Treskjeraren og toraderspelmannen Odd Gunnar Haugen er djupt sakna. Den fargerike bohem-liknande karen frå Kleivi sette uslettelege spor etter seg og vart ein legende i levande live. Han døydde i 1992, dessverre så alt for tidleg.

Men ein av dei fremste utøvarane i durspel i si tid lever vidare gjennom musikken, venner og familie. Dei har teke opp arven etter Oddemann og syntet det tydeleg under minnekonserten.

Ny melodi

Den nær to timar lange minnekonserten vart halden i øyro av Knut Medhus med fine kommentarar og glimt i auget.

– Her får me høyre folk som har spelt sine fyrste tonar på toraderen til Oddemann, og andre som vart familie og bror gjennom musikken, sa han og introduserte Øystein Nicolaisen, som då han var åtte år hadde så grueleg lyst til å spele torader hjå Oddemann. Denne kvelden fekk me høyre ein ny melodi som snart kjem ut på plate. Melodien heiter «Oddemann» og er i rask stil slik som Oddemann lika.

Etterpå kom Bjørg Noss og Arnfinn Noss, som også lærte å spele av Oddemann. Så var Ålingan på scena og gav oss reinlender, vals og polka med komp, før Willy Rustad frå Oddemanns trio entra scena og spelte den vakre «Brurefesten» i lag med Randi Rustad.

Verdas største trio

Så kom den eine spelemannen etter den andre scena.

– Ja, dette må vere verdas største toradertrio, kommenterte Medhus, og introduserte den gamle Toradertrioen, som no var vakse til kvintett. Mange i salen hadde nok sett fram til nettopp dette. Belg og knappar fekk jobb då durspelkongane spelte så gamlelensmannen Ola Rygg vart sveitt i panna. Sylvspente sko slo takta, medan fingrane levde sine eige liv og trylla fram musikken. Fem svartkledde par buksebein med trekkspel på fang vart eit høgdepunkt under konserten.

Onkelguten, Ulf Arne Johannessen har teke opp mykje av arven etter Oddemann. I lag med Egil Haugerud spelte dei den vakre valsen «Anna» av Oddemann Haugen. Og truleg gav Oddemann frå seg eit lite spik til Ulf Arne som spelte på den siste toraderen i hans eige. I alle fall datt onkelguten litt ut, men med glimt i auget starta han opp att. Me får skulde på det. Etterpå oppstod Nye Oddemanns Trio då Arne Olav Gullhagen kom inn og spelte på skeier under «Goffalåten». Lillebror Vasaasen entra scena og spelte «Bastarden» i lag med trioen til trampeklapp frå salen.

Kunstspel

Det var ingen tvil om at Lillebror Vasaasen var kveldens hovudgjest. Han spelte mykje i lag med Oddemann, og dei vart gjerne omtalt som beslekta sjeler. Me fekk og høyre dei vare og kjenslege tonane Lillebror spelte under gravferda til «storebroren» Oddemann i Hol kyrkje. Salen var dørgande stille til siste tone var borte. Slik kan ein torader høyrast ut i ein kunstnars hender.

Så kom Lillebror sitt orkester scena, og me fekk torader slik det brukar vere, med fest og moro. Musikken sit i fingrane og sjela på desse gutane. Og det er truleg ikkje berre musikken som skaper det, men også stundene og dei gode historiene.

Mange nøgde andlet bakover i salen fekk valuta, og vel så det, for pengane. Mot slutten, song syster til Oddemann, Aud Berit Johannessen, songen sin til broren, akkompagnert av sonen Ulf Arne. Vakker song og vakker tekst til minne om ei kunstnarsjel som har drege vidare.

Som finale på kvelden kom alle på scena og tok tre av Oddemanns mest kjende låttar. Maken til toraderspel har me aldri høyr. Og publikum, dei ville ikkje gje slepp på korkje kvelden eller musikanane.



Toradertrioen: Denne gongen stilte den legendariske Toradertrioen fem mann sterk. F.v. Oddvar Fingarsen, (Alle foto: Sigmund Krøvel-Velle)



Kveldens hovudgjest: Lillebror Vasaasen var ein av dei som kjende Oddemann Haugen best, dei spelte i lag, reiste i lag og vart omtalt som beslekta sjeler.



Nye Oddemanns Trio: F.v. Ulf Arne Gullhagen, skeier, og Egil Haugerud,